



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eli Merete Velle, 5557 2121

Vår dato
06.07.2016
Dykkar dato
25.05.2016

Vår referanse
2016/7061 754.0
Dykkar referanse

Justis- og beredskapsdepartement
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttale - forslag til endring i rettshjelplova , rettshjelpforskrifta og stykkprisforskrifta

Fylkesmannen i Hordaland viser til høyringsnotat frå Justis- og beredskapsdepartementet 25.05.2016 om framlegg til endringar i rettshjelplova, rettshjelpsforskrifta og stykkprisforskrifta.

Høyringsnotatets pkt. 2. Auke i eigendel for fri sakførsel i behovsprøvde saker

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje innvendingar mot departementet sitt forslag om ein noko høgare eigendel på sakførselstadiet. Det kan nok føre til fleire forlik. Vi meiner at det er viktig å stimulere til at fleire saker vert løyste på rettsrådsstadiet.

Høyringsnotatets pkt. 3. Endring av reglane om fritt rettsråd og fri sakførsel i skiftesaker og økonomisk oppgjør etter oppløysing av husstandsfellesskap

Departementet foreslår å fjerne denne sakstypen som prioritert sak på sakførselstadiet. På rettsrådsstadiet er det vidare foreslått ei avgrensing til at ordninga med fritt rettsråd berre skal gjelde søkjarar som har barn under 18 år og i saker som gjeld rett til felles bustad som partane eig. Vidare er stykkprisen foreslått redusert til fem timar.

Fritt rettsråd i skiftesaker

Fylkesmannen i Hordaland er kritisk til den føreslegne innstrammainga som meiner vil verte i strid med føremålsparagrafen i rettshjelplova § 1:

«Fri rettshjelp etter denne lov er en sosial støtteordning med formål å sikre nødvendig juridisk bistand til personer som ikke sjølv har de økonomiske forutsetninger for å kunne ivareta et rettshjelpsbehov av stor personlig og velferdsmessig betydning.»

Vi har i utgangspunktet ei viss forståing for forslaget om å avgrense ordninga med fritt rettsråd til saker som gjeld partanes bustad, men vi ser ikkje nokon grunn til at ordninga berre skal gjelde for søkjarar med barn under 18 år. I så fall vil mange ressursvake partar – oftast kvinner – risikere å bli «kasta på gata» etter ei skilsmisse. Det kan ikkje vere i tråd med føremålsparagrafen i lova. Til samanlikning har ein krav på fri rettshjelp dersom ein i medhald av reglane i husleigelova vert oppsagt frå ein leigebustad. Vi opplever det difor som ulogisk at ein ikkje skal få fri rettshjelp også ved eit skifteoppgjer som involverer partanes bustad med mindre ein har barn under 18 år.

Vidare er stykkprisen på fem timar urealistisk låg når det først er tvist om bustad. Dei aller fleste skifteoppgjer som involverer bustad i dag, har tvist om skeivdeling. Arbeidet med slike saker tek tid. Dei har oftast kompliserte faktiske og rettslege problemstillingar. Skiftesaker er kanskje den sakstypen der vi oftast får søknad om utvida bevilling. Typisk tidsbruk i skiftesaker som involverer bustad er ti – tolv timar, noko som kom fram under regionsseminaret om fri rettshjelp i regi av Fylkesmannen i Hordaland 19.-20. mai 2016. Vi meiner på denne bakgrunnen at stykkprisen i prioriterte skiftesaker heller burde aukast enn reduserast.

Det vert etter vår meining svært vanskeleg å løyse tvistar innanfor den føreslegne stykkprisen. Slik vi ser det, vert det også utfordrande for advokaten å avgrense arbeidet sitt i saka til berre å gjelde tvisten om bustaden. Til dømes kan det vere tilfelle der partane har både hus, bil, hytte og diverse gjeldspostar. Partane har behov for juridisk hjelp til å få ei heilskapleg løysing. Ein tvist om bustaden let seg sjeldan løyse utan at andre aktiva og passiva vert med i ei samla løysing. I praksis opplever Fylkesmennene svært sjeldan at den sentrale delen av tvisten dreiar seg om innbu og lausøyre. På denne bakgrunnen meiner vi at ordninga med fri rettshjelp i skiftesaker bør vere uendra, men at stykkprisen heller vert auka i desse sakene.

Ein lågare stykkpris vil truleg føre til fleire søknader om utvida bevilling.

Fri sakførsel i skiftesaker

Fylkesmannen er òg kritisk til framlegget om å fjerne saker om felleseigeskifte som prioritert sak på sakførselstadiet. Vi meiner at ordninga bør vere som i dag. Det er alt no høve til å gi avslag på søknad om fri sakførsel dersom det vil vere urimeleg at det offentlege betaler, jf. rettshjelplova § 16 femte ledd.

Vi meiner den føreslegne innstramminga medfører ei dramatisk svekking av rettstryggleiken til dei svakaste. Den vil særleg råke den mest ressursvake parten etter eit avslutta ekteskap / sambuarskap. Det gjeld i dei fleste tilfelle kvinner, mange med utanlandsk bakgrunn. Vilkåret for å få rettshjelp for denne sakstypen i dag er at søkjar har ei svært låg inntekt - på under kr 246 000,- og formue på under kr 100 000,-. Dersom bustaden på papiret står i namnet til den andre ektefellen, vil den svakaste parten stå utan nokon reell moglegheit til å gå vidare med saka si. Motparten vil ikkje ha noko incitament til å inngå forlik på rettsrådsstadiet, fordi han veit at den svakaste parten ikkje har økonomiske ressursar for å bringe saka inn for tingretten. Kostnaden med å opne offentleg skifte av eit felleseigebu er 25 gonger rettsgebyret (dvs. kr 25 625,-).

For det tilfellet at departementet etter høyringa framleis vil gå inn for at sakstypen skal bli unnateken frå ordninga med full fri sakførsel, bør det bli ei ordning med fritak for rettsgebyr og oppnemning av bustyrar. I så fall har den svake parten ein reell moglegheit for å bringe saka for retten.

Høyringsnotatets pkt. 4. Endring i rundskriv G-12/05 om fri rettshjelp og oppmjuking av dispensasjonspraksis

Dispensasjon frå inntektsgrensa

Vi er positive til at det vert nye føringar i rundskrivet, og til at det heretter vert høve til å dispensere også når det berre er tale om ein stykkpris. Det er positivt at det vert opna for å ta omsyn til at søkjar forsørgjer barn. Men vi meiner at det tredje punktet i dei føreslegne føringane er for absolutt når inntektsgrensa er så låg som no (246 000,- for einslege og 369 000,- for

par). Her er det foreslått: «Inntektsoverskridelser over 20 000 kroner: Dispensasjon bare helt unntaksvis hvor det er nødvendig med omfattende bistand. Det forutsettes at nødvendig juridisk bistand overstiger 30 timer.»

Ei slik løysing føreset at ein person som tenar 267 000,- i året, og som kanskje både har høg gjeld og forsørgjer barn, sjølv skal måtte dekke advokat i inntil 30 timar. Det er etter vårt syn ikkje praktisk mogeleg. Til samanlikning tek både Sverige og Danmark langt større omsyn til at ein søkjar forsørgjer barn, og inntektsgrensene i våre naboland er også monaleg høgare enn i Noreg.

I Danmark:

Sjå http://www.civilstyrelsen.dk/da/Fri_proces/fri_proces/okonomiske_betingelser.aspx

Beløbsgrensene pr. 1. januar 2016 er således følgende:	
Enlige ansøgere	308.000 kr.
Ansøgere i ægteskab eller andet samlivsforhold	391.000 kr.
Forhøjelse for hvert barn	53.000 kr.

I Sverige: Sjå <http://www.rattshjalp.se/Vad-ar-rattshjalp/Ansokan-och-avgifter/>. Inntektsgrensa der er 260 000,-, med tillegg av kr 15 000,- for kvart barn som søkjaren forsørgjer.

I Noreg har ikkje inntektsgrensene blitt justerte sidan 1.1.2009. Rettshjelpsordninga vår har såleis sakka akterut.

Høyringsnotatets pkt. 5 - Administrative konsekvensar

Vi trur Fylkesmennene ved dette forslaget vil få mange fleire søknader der vi må skrive vedtak. Det vil gjelde både søknader om økonomisk dispensasjon på grunn av oppmjuking av dispensasjonspraksis, men også saker som no blir uprioriterte, dvs. skifte etter ekteskap/sambuarskap. Vidare blir det truleg fleire søknader om utvida bevilling pga. redusert stykkpris.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Eli Merete Velle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

